

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091, Majorstua  
0301 Oslo

08.11.2019

## **Høyringsvar frå Sognekraft til forslag til endringar i energilovforskrifta**

NVE sendte 28.6.2019 på høyring forslag til endringar i energilovforskrifta. Sognekraft har følgande kommentarar.

### **Sognekraft sine generelle merknader til det funksjonelle skiljet**

Den 17.mars 2016 vedtok Stortinget endringar i energilova og innførte nye krav om selskapsmessig- og funksjonelt skilje i energilova §§ 4-6 og 4-7. Kravet om selskapsmessig skilje gjeld for alle.

Det er venta at kravet til det funksjonelle skiljet vil gjelde for alle nettselskap med meir enn 10.000 kundar i tråd med regjeringserklæringa si tilnærming til dette. Krava gjeld med verknad fra 1. januar 2021.

Vår oppfatning er at kravet til det funksjonelle skiljet er unødvendig, fordyrande og byråkratiserande. Når kravet likevel vert innført, er det viktig at regelverket som vert fremja er i tråd med norsk lov. Det er vår oppfatning at dette ikkje er tilfelle med deler av det forslaget NVE fremjar i forskriftsutkastet. Reglane om konsernstyring etter aksjelova og forarbeidet til endringane i energilova ser ikkje ut til å vere ivaretatt slik Sognekraft ser det. Det er vår oppfatning at NVE ikkje har det nødvendige heimelsgrunnlag for å innskrenke moglegheitene for at same person har leiande stilling både i nettselskap og i morselskap eller kontrollerande eigar.

I Danmark, Sverige og Austerrike er det innført krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje for integrerte kraftkonsern som har fleire enn 100 000 nettkundar. Eventuelt vedtak av NVE sitt forslag til ny energilovforskrift § 4-13, vil innebære at den norske lovgivinga går lengre enn lovgivinga i Sverige, Danmark, Sveits og Austerrike.

### **Nøytral og ikkje-diskriminerande opptreden**

Krav til ikkje-diskriminerande og nøytral opptreden er viktig. Vår oppfatning er at nettselskapa med dagens regelverk gjennomgåande opptrer nøytralt og ikkje-diskriminerande.

### **Felles driftssentral**

Sognekraft støttar NVEs framlegg til endring av forskrift for samarbeid om felles driftssentral (§4-11).

### **Sal av overskuddskapasitet**

Nettselskap har i henhold til energilova §4-6 ikkje lov til å drive «anna virksomheit». Dette inneber at nettselskapet som utgangspunkt ikkje kan selje varer eller tenester som ikkje har med eigen nettvirksomheit å gjere. Lovbestemmelsen opnar likevel for at ein i forskrift kan gi

nettselskap adgang til å selje og leige ut eigen kapasitet. Med eigen kapasitet meiner ein ressursar som nettselskapet treng i samband med eigen nettvirksomheit; personell, fast eigedom og utstyr.

Det er viktig at nettselskapet har muligheit til å selje eller leige ut kapasitet og ressursar i periodar med ledig kapasitet. Sognekraft meiner forslaga frå NVE er fornuftige for å skape mest mulig effektive nettselskap.

### Leiinga i nettselskap

I forskriftsforslaget blir det føreslått ei strengare regulering, der personar med leiande stilling i eit nettselskap ikkje kan ha ei leiande stilling i morselskap. NVE føresler i forskriftsforslaget eit strengare krav til funksjonelt skilje enn det som følgjer av energilova. Sognekraft ser det som problematisk at administrativ leiing i konsern ikkje kan sitte i styret for nettselskapet.

Sognekraft støttar ikkje NVE sine vurderingar. Vi meiner krav til nøytralitet er ivaretatt gjennom funksjonelt- og selskapsmessig skilje slik det fylgjer av endringane i energilova som trer i kraft 1.1.2021. Vidare vil det etter vårt syn vere industrielt feil å fråta eigar muligheita til aktiv eigarskapsutøving via styret i nettselskapet. Vi meiner vidare at NVE ikkje har heimel til i forskrift å gje strengare krav til funksjonelt skilje enn det som følgjer av energilova.

### Marknadsføring og kommunikasjon

Krava til marknadsføring og kommunikasjon som blir pålagt nettselskap og anna virksomheit vil på kort sikt medføre store eingongskostnader for konsernet. Rapporten skildrar kostnadene knytt til endring av merkevare for høvesvis nettselskap og kraftleverandørar og kostnadene kan bli betydelege. Konsulentane har berekna kostnadene for ei minimumsløysing som beskriv kva selskapa må gjere som eit minimum for å tilpasse seg krava. Sognekraft meiner kostnadene for nettselskapet vil bli høgare enn det rapporten skisserer.

I minimumsløysinga er det tatt omsyn til selskapa sine kostnader knytt til namneutvikling og merkevarestrategi, utarbeiding av visuell identitet og implementering av visuell identitet. Forskrifta legg opp til at konsernet sjølv kan bestemme kven som skal skifte merkevare, noko Sognekraft er positive til.

Sognekraft vil påpeike at det må reknast ein minimumsperiode på eitt år frå forskriftsteksten er vedteken til namneendring, merkevarestrategi og utvikling av visuell identitet kan vere gjennomført. Implementeringa av den visuelle identiteten, med bl.a. omprofilering og skilting vil ta lengre tid. Sognekraft vil difor be om at det blir tillate med ein overgangsperiode på 3 til 5 år for implementeringa av ny visuell identitet slik at det både er gjennomførbart, og at kostnadene med dette kan fordelast over ein lengre periode.

### Forslag om å forskriftfeste at krava kun gjeld for nettselskap med inntektsramme

Sognekraft har ingen kommentar til dette forslaget.

Forslag om å innføre heimel til å ilegge overtredelsesgebyr for brot på nokre av dei nye bestemmelsane

Dagens sanksjonsmuligheiter bør vere tilstrekkeleg for NVE, og Sognekraft er av den grunn skeptisk til at det vert innført ei ytterligere sanksjonsmuligheit til rådigheit for NVE.

Sognekraft viser forøvrig til kommentarane frå Distriktsenergi og Energi Norge.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink that reads "Terje B. Nævdal". The signature is written in a cursive style with a large, sweeping flourish at the end.

Terje Bakke Nævdal  
Adm.direktør

Sognekraft AS